

# LANDET DER ALT ER ANNLEIS



av Tor Åge Bringsværd

**RIKSTEATRET**

**ASKELOADDEN**

RIKSTEATRET

## «Landet der alt er annleis»

av Tor Åge Bringsværd  
omsett av Rolf Losnegård

Regi ..... Erik Solbakken  
Dekorasjon, kostyme  
og dokkedesign, ..... Nina Martins  
Musikk Robert Normann/Per Christian Revholt  
Dokkemakar ..... Kari Noreger  
Språkkonsulent ..... Leif Mæhle

### ROLLENE:

Anders ..... MARIANNE EDVARDESEN  
Kari, kvinneleg lege, 2. kunde, 4. kunde,  
innbyggjar, dagslukar ..... TINE STOESSEN  
Mor, snømann, 1. kunde, 3. kunde,  
drake, dronning ..... ANNE STRAY  
Far, måne, hattemakar,  
vakt, døden ..... ARVID ONES

Inspisient/turnéleiar ..... Rolf Skoglund  
Sceneteknikk m.m. .. Rolf Skoglund/Nina Telle

Framsyinga varer ca. 1 time, 5 minutt med ei kort  
pause. Fotografering og lydbåndopptak er ikkje  
tillete under framsyinga.

Kostyme og dekorasjonar er laga på Riksteatrets  
verkstad under leiing av Solveig Engh og Johannes  
Markeng/Jens Melsom.


Programredaktør ..... Else Færden  
I redaksjonen ..... Janecke Kragner Furberg  
Foto ..... Frits Solvang  
Trykk ..... Enersens Trykkeri a.s, Oslo

Premiere i Finnfjordbotn, 1. oktober 1984.



## Kjære publikum!

Velkommen til Tor Åge Bringsværd's teater-  
stykke *Landet der alt er annleis*. Vi har prøvd  
å lage ei familieframsying, der vaksne og  
barn kvar for seg og i fellesskap kan oppleve  
noko. Føle spenning, le og kanskje bli rørt.



I framsyinga møter de ein familie på fire,  
mor og far, Anders og Kari, og mange  
merkelege figurar. Nokre trer fram som  
dokker, nokre med masker og andre i  
menneskeham. Alle blir spela av fire  
skodespelarar som de altså vil møte i mange  
roller i framsyinga. Det er elles første gong  
Tine, Anne og Marianne nyttar slike dokker  
samtidig med at dei sjøl er synlege, noko som  
minner om ein slags japansk form kalla  
BUNRAKI. Det er òg første gongen Arvid har  
dokker og dokkespelarar som motspelarar. I  
det heile møter de eit litt annleis teater, som  
skulle klé Bringsværd's fantasi- og eventyrverd  
godt.

I teaterstykket blir mora til Anders og Kari  
alvorleg sjuk. Kva tenkjer og gjer faren i ein slik  
situasjon? Kva føler og gjer Anders og Kari? Da  
dei endeleg er komne i seng den kvelden  
mora blir send på sjukehus, sovnar Anders og  
forsvinn inn i draumen. Og i draumen  
opplever han mykje rart og møter mange  
merkelege personar.

Kva gjer vi med livet vårt? Kva får vi ut av det  
medan vi har det? For vi skal jo alle døy ein  
gong. Kan hende er dette noko de kan tenkje  
på medan de ser på den enkle scenedekora-  
sjonen før framsyinga tek til.

Etter framsyinga vonar vi at de gjer dykk  
nokre tankar og kanskje prater litt om kor  
viktig det er å la *alle* kjensle få vere ein del av  
livet, òg sorga og redsla for døden. Livet har  
*inga meining utan døden*. Dersom ein  
undertrykker angst og «negative kjensler», går  
ein rundt som i søvne, ein bur i landet der alt  
er annleis — og der går alle rundt som levande  
døde...

Erik Solbakken

# Døden som tema i barnebøker


av Jo Tenfjord

Når blir eit hus ein heim? I ei av bøkene om Anne frå Bjørkely, elska av lesarar gjennom fleire generasjonar (den første kom i 1908), forklarar Lucy Maud Montgomery det slik: Først når huset innafor dei fire veggene sine har opplevd bryllaup, ein fødsel og at nokon har døydd, blir det ein verkeleg heim.

Den gongen skjedde mange av dei viktigaste hendingane i livet tett innpå både vaksne og barn. Slik er det ikkje lenger i våre dagar, men alltid har barn vore ivrige med å prøve å samle seg kunnskap om dei — frå kvarandre, frå eigne opplevingar, frå vaksne, frå bøker — og i vårt hundreår også frå andre media.

Det «vaksne» synet på kva slags kunnskap som skulle bli formidla om slikt har endra seg med skiftande tider. Særleg når det gjeld to av dei viktigaste livsområda: erotikk og død.

I tidlegare tider var døden eit viktig emne i barnelitteraturen. I dei eldste barnebøkene våre blei det brukt i den religiøse oppsedinga. Ei bok som *A token for children* (av James Janeway, 1671) fekk òg gjennom etterlikningane stor innverknad i Danmark/Noreg. Her møter vi den gloriøse martyrdøden til tretten fromme og ukuelege barn. Enno rundt hundreårsskiftet var det ein slags lykkeleg slutt på ei barnebok når hovudpersonen døydde og gekk inn til den evige sæla. Ei elska norsk barnebok, som også fekk ganske stor internasjonal suksess, var *Puk* av Marie Michelet (1901) om ein liten gut som døyr, tillitsfullt i trua på at no blir han henta opp til himmelen av englane.



Like openhjarta som barneoppsedinga ved hundreårsskiftet var når det galdt døden, like tilbakehaldande var oppsedarane når det galdt seksualitet og erotikk. Ikkje slik i siste etterkrigstid. I 1940—50 åra var ein budd til å gje barna kunnskap om «fakta i livet», mellom anna ved bøker om seksualopplysning, medan døden blei dølgd med victoriansk blygskap. Den foreldre- og forfattargenerasjonen som hadde opplevd dei dystre hendingane under krigen, ville først og fremst gje barna tryggleik så lenge dei var små — og til ein slik tryggleik hørte ikkje kjennskap til døden, meinte dei. Ein forfattar som også i denne tida tok opp emnet — i symbolsk form — var Astrid Lindgren, til dømes i dei vakre forteljingane i *Sunnaneng* (1959). Der kan døden opptre som ein frelsar frå eit hardt og vanskeleg liv.

Den danske Buda Leunbach gjorde ein pionerinnsetning i Norden då ho i boka *Mor, hvor er de døde henne?* (1961) fortalde små barn om døden, innafor ei realistisk ramme og utan trøysta frå religionen, men frå ein ateistisk synsstad — som òg kunne gje ei viss trøyst. Noko liknande hadde ingen forsøkt seg med tidlegare — iallfall ikkje med hell.

I 1960-åra blei skrekken for emnet dempa ned — ja, ei tid var døden faktisk litt av eit moteemne i barnelitteraturen. Oftast fekk vi lese om døden i omgjevnadene til hovud- og identifiseringspersonane, sjeldan råka døden direkte. Men i *Stine Stankelben* (1976) viser Karin Lorentzen oss ymse måtar å akseptere døden på, med og utan trøyst frå religionen. Djupast loddar kanskje dei symbolske verkemidla, som i Rolf Døckers bok *Marius* (1967) der døden er sett gjennom eit skimrande glitter av fantasi, eller i Knut Ødegaards forteljing, *Fuglen og draumen* (1974) som handlar om undertrykt angst for døden som nærmar seg ein far. Nettopp ved symbolikken slutter desse to bøkene seg til det skodespelet som blir spela her.

Norske barnebøker blir fort utselde, så det er ikkje sikkert det nyttar å spørje i bokhandelen etter dei som her er nemnde — men prøve kan ein. Og på biblioteka kan ein få hjelp til å finne både desse og andre bøker, både norske og omsette, både biletbøker og forteljingar for større barn — dersom ein vil følgje opp framsyninga med å snakke meir om dei problema stykket rører ved.




## Dokketeatret på Riksteatret

I 1976 blei det oppretta ein eigen elevskole for dokketeater-skodespelarar på Riksteatret. 3 elevar blei opptekne. Sidan 1976 har Riksteatret spela desse framsyningane: *Østenfor sol og vestenfor måne* av Peder W. Cappelen, *Tor med hammer'n* av Tor Åge Bringsværd, *Peer Gynt* regissert av Margareta Niculescu, *Den store farveslukeren* av Tor Åge Bringsværd, *Teskjekjerringa på Teater* bygd på Prøysen-tekstar, dramatisert av Birgit Strøm, *Det Blå Folket* og *Karamellfabrikken* av Tor Åge Bringsværd.

Heilt frå starten har Riksteatret hatt eit nært samarbeid med Margareta Niculescu, ei av de fremste dokketeaterspesialistane i Europa og teatersjef på Tandarica-teatret i Bucurest. Dokkespelarar frå dette teatret har også undervist på elevskolen og sjølve spela med i nokre av framsyningane.

### Desse er med i Landet der alt er annleis:



Marianne Edvardsen


Marianne Edvardsen (26) har spela dokketeater sidan ho var 10 år og har gått på Riksteatrets 3-årige elevskole i dokketeater. Sidan har ho jobba med dokketeater i Barne-TV, på Det Norske Teatret, på dokketeatret på Oslo Nye Teater og på Riksteatret der ho har vore med i ei rekkje oppsetjingar: *Østenfor Sol og Vestenfor Måne*, *Tor med Hammer'n*, *Peer Gynt* og *Det Blå Folket*. I desse framsyningane har ein vore inno alle typar dokker: hanskedokker, marionettar, kjempedokker osv. Marianne Edvardsen har òg vore nytta som skodespelar i *Dyveke — duen på Akershus* av Peder W. Cappelen, i *Snehvit og de syv dvergene*, dramatisert av Per Lillo-Stenberg og *Mowgli*, Tor Åge Bringsværds dramatisering av Jungelboken.




Tine Stoesen

Før Tine Stoesen gjekk på dokketeaterskolen på Riksteatret, hadde ho jobba med dokketeater på Arne Mykles dokketeaterverkstad og arbeid med barn og ungdom på lekesenter. Ho har vore med i desse oppsetjingane på teatret: *Østenfor Sol og Vestenfor Måne*, *Tor med hammer'n*, *Den store fargeslukeren*, *Det Blå Folket*, *Peer Gynt* og vore nytta som skodespelar i ei rekkje framsyningar på Riksteatret.

*Østenfor Sol og Vestenfor Måne* og *Tor med hammer'n* vart viste i Fjernsynet.






*Anne Stray*

Anne Stray (25) har vore ved Riksteatret sidan 1978. Interesse for dokketeater blei tent etter at ho såg eit gjestespel frå Moskvas Dokketeater. Ho tok Riksteatrets tre-årige elevskole og har seinare vore dokketeaterskodespelar i *Tor med hammer'n*, *Peer Gynt*, *Den store Fargeslukeren* og *Det Blå Folket*. Ho har òg hatt oppgåver som skodespelar i framsyningar på Riksteatret, mellom anna spela ho Jenny i «Røter» av Arnold Wesker.



*Arvid Ones*

Etter at Arvid Ones gjekk ut av teaterskolen i 1979, reiste han til Sogn og Fjordane Teater. Dei tre siste åra har han vore ved Telemark Teater i Skien. Han har vore med på barneframsyningar, kabaretar og vanlege kveldsframsyningar der han har spela roller frå japansk røver i *Rashomon* til Osvald i *Gjengangere* og Leander i *Den Stundesløse*. Arvid Ones er no free-lance skodespelar. Det er første gongen han er med i ei dokketeaterframsyning og har dokker som medspelarar.



*Erik Solbakken*

Instruktør for kveldens framsyning er Erik Solbakken (f. 1943). Han har for det meste arbeidd med film og fjernsyn, men har i det siste òg sett opp dokketeater: *Ninas hemmelige reise* av Klaus Hagerup. Han har laga ein kortfilm om dokketeaterspel: *Å, du godeste!* og videofilmene *Rødhetten* og *Den hvite selen*, alt med ensemblet på Oslo Nye - Dukketeatret. Forutan kinofilmene *Kimen* (1973), *Vårnatt* (1975), og *Rallarblod* (1977/78) har han laga norsk versjon av *Snehvit og de syv dvergene*, *To gode venner* (Tod og Copper) og *Chritmas Carol*, alle av Walt Disney, også for kinoane. Det er første gongen Erik Solbakken arbeider for Riksteatret.





## Først og fremst for barn, men kan lesast av vaksne òg

Etter å ha sett denne framsyninga tenkjer du kanskje på noko av det ho handlar om — nemleg at du, familien din, venene dine, at *alle* menneske skal døy ein gong. Noko anna du kanskje tenkjer på, er kvifor vi snakker så lite om det. Kanskje har du opplevd at dersom du ville prate med dei vaksne om døden, blei dei flaua på ein måte og ville helst unngå dette emnet.

Dei fleste du kjenner er redde for å døy, redde for å miste dei menneske dei er glade i. Døden forbind vi med sorg, tomleik, sagn — i det heile med noko trist og skremmande. Difor vil vi kanskje helst gløyme han og skyve han unna.

Men som du sikkert har skjönt, så vil denne framsyninga seie at dersom vi lét som om døden ikkje finst — slik innbyggjarane gjer i «Landet der alt er annleis» — så vil vi aldri kunne sette retteleg pris på livet. «Eg vil ikkje gå i søvne heile livet,» sier snømannen. Og det er det dei gjer i landet der alt er annleis — dei er blitt som levande døde alle saman.

Det forfattaren, Tor Åge Bringsværd, mellom anna prøver å fortelje deg med dette stykket, er

at dersom vi veit for oss sjølve at vi skal døy, veit at vi har livet og dei menneske vi er glade i berre på lån, da vil vi kanskje streve hardere med å ta vare på kvarandre og sette meir pris på å leve. Om du nå plutseleg kjem til å tenkje på at det til dømes er lenge sidan du besøkte bestemora di eller viste at du var glad i foreldra dine, vil nok forfattaren nikke og smile til deg. Og om du finn ut at du ikkje vil leve i «Landet der alt er annleis», men i «Landet der ALT ER MOGELEG!», at du vil gjere noko fint med livet ditt, ville nok alle som har vore med på å lage denne framsyninga blir glad på dine vegner.

*Else Færden*



## Nina Martins — kveldens scenograf

Nina Martins er utdanna ved Statens håndverks- og kunstindustriskole. Ho har jobba free-lance som scenograf og kostymeteiknar ved dei fleste norske scener. Nina Martins har òg laga dokker, masker og teikna plakater og program. Ho har vore regiassistent ved fleire oppsetjingar og fått oppført tre dramatiserte dokkespel.

## Kari Noreger

Kari Noreger arbeidet som free-lance brukskunstnar og hospiterte på Statens håndverks- og kunstindustriskole på modelleringslinja, før ho begynte som teknisk på Riksteatret i 1978. Ho har tidlegare samarbeidd med Mona Wiig, Riksteatrets dokketeaterkonsulent, om ein dokketeaterproduksjon.

Til *Landet der alt er annleis* har ho laga dokkene og rekvisittane etter teikningane til Nina Martins.

To ting har vore viktige: av omsyn til dokketeatersko- despelarane måtte dokkene vere så lette som mogeleg. Av omsyn til dokkene måtte dei òg ha ei viss tyngd. For å gjere dei lette blei hovuda modellerte i isopor. Deretter blei dei trukne med strie for å bli sterke. For å gi dokkene ei viss tyngd fekk dei treføter.

Dokkene må vere lette å røre, difor er alle ledda rørlege.

Dei er kledde med skumgummi og stoppa med stoff. Kari Noreger har òg sydd kostyma til dokkene.



## Slik blei dokkene til:



Fig. 1:  
Hovudet er modellert av blå isopor. Øyra blir festa med ståltrådkrokar 3—4 cm inn i hovudet.



Fig. 2:  
Hovudet er trekt med skinkelerret dyppa i uttynna trelim.




Fig. 3:  
Drilla hol gjennom treklossane for feste av spiralen med lange stiftar.



Fig. 4:  
Drilla hol for plass til spiralen i begge trestykkja.




Fig. 5:  
Skulderpartiet i tre festar ein i isoporkroppen med litt trelim. Deretter trekkjer ein kroppen med skinkelerret dyppa i uttynna trelim.




Fig. 6:  
Ein liten strimmel rundt halsen for å stramme opp halsen litt og for å få halsen høveleg tjukk.



Fig. 7:  
Tynn bomullstrømpe blir trekt over og lima i begge endane med trelim. Deretter kan ein male hovud, hals og bryst.




Fig. 8:  
Lerretstrimmel  
Blå isopor

Tre (eventuelt tre og isopor)




Fig. 9:  
Lerretsstrimmel  
Blå isopor  
Små stiftar tvers igjennom

Isoporbitane til armene limar ein til lerretsstrimmelen og trekkjer dei deretter med skinkelerrett dyppa i trelim. Ein driller hol gjennom handa først. Deretter festar ein handa til enda av lerretsstrimmelen med litt trelim og to små stiftar.



Fig. 10:  
To små spikrar  
Ein limar og stiftar




Fig. 11:  
Førarpinne i rundstift

